

Galderskjera

829 RB 12/9-01
s. 25

Korleis skal me skrive eit stadnamn? Spørsmålet kjem ofte opp i RB likeins som i andre aviser som formidlar lokalt engasjement. Den 27.7.01 blei det f.eks. spurt om skrivemåten på skjera der Rokta i si tid gjekk på.

Stadnamna er kulturminne. Det vil seie at namna set staden inn i ein historisk samanheng og fortel f.eks. om tidlegare bruksmåtar eller om kva førestillingar forfedrane våre hadde om staden.

Det er utvikla lov og reglar for kva omsyn ein skal legge vekt på når ein skal ta vare på desse kulturminna. Aller viktigast er det å forstå namnet slik det er blitt uttalt og brukt lokalt. Skrivemåtar i gamle matriklar og protokollar, på skilt og gamle kart er for det aller meste ubrukande, fordi dei ofte representerer misforståingar. (Jamfør Klæbu som i si tid blei skrive *Kledeboderne!*) Finst namnet skrive i dokument frå før reformasjonen, kan den

skrivemåten vere til god støtte, men elles er det aller viktigast å kople den nedarva lokale uttalen til språkssystemet i dialekten.

Desse skjera utafør Bjørnsund kan brukast som eit godt eksempel. Mange seier *Galljesjæra*, og dét namnet er det ikkje lett å gje ei fornuftig tolking. Einaste aktuelle orda å kople førsteleddet til er *galle* og *gald*. Men dei gjev ikkje heilt god mening; det andre - som betyr bratt kleiv - er dessutan brukt i stadnamn berre lenger sør i landet.

Når me så legg merke til den eldre lokale uttalen, nemleg *Galdesjæra*, kan namnet begynne å bli gjennomslukt. (Uttalen er òg dels *Galjde-*.) Denne uttalen med *ld* er litt spesielt og avslørande. Det me skriv *ld*, blir aller oftast uttalt som *llj* i dialekten vår, slik som i for eksempel *ei sild* og *ein kveld*. Men me har eit unntak: I romsdalsk blir ord som i gammalnorsk hadde kombinasjonen *ldr*, framleis uttalt med *ld* sjølv om det for over 800 år sia kom inn ein *e* framom *r*-en. Difor seier me *alder* med *d*, men *halde* utan *d*.

Dermed kjem me til at førsteleddet kan vere *galder*. Men me treng ei forklaring på kvar det blir av *r*-en sist i ordet. Det er ikkje så innfløkt, for når *r* og *s* står attmed kvarandre, blir dei uttalt som *sj*, slik som i f.eks. *til vørs*, som lyder *te vesj*. Er det *sj* (som òg kan vere skrive *sk*) som kjem etter *r*, blir resultatet naturleg nok det same; jamfør at me uttalar ordet *vørskip* som *vesjip*. Då er det heller ikkje rart at *Galderskjera* blir uttalt utan tydeleg *r* på midten.

Då har eigentleg det språklege puslespelet gått opp - fordi me framleis har denne eldste uttalen av namnet, og fordi dialektgrammatikken er så systematisk. Forfedrane våre har altså knytt desse dramatiske skjera til førestillingar om Åtrolldom, hekseri, tryllesong, skråll, rop - som er forklaringane på ordet *galder*. Det overraskar ikkje.

Dermed bør sjølv sagt òg skrivemåten av stadnamnet avspegle dette språklege innhaldet - etter reglane for korleis dialektuttalen skal gjengjevast. Difor skal det heite *Galder-skjera*, og skrive på denne måten blir namnet eit endå tydelegare kulturminne for oss.

Den nedarva uttalen med *ld* i *Galdeskjera* står temmeleg fast hos folk ytst på Romsdalsøyane som lærte seg å bruke namnet før krigen. Derimot brukar yngre folk ofte uttalen med *Gallje-*. Ein skal ikkje sjå bort frå at den galne og heilt meiningslause skrivemåten *Galler-* blei brukt så mykje etter Rokta-forliset at synsbildet av *ll* har verke inn på uttalen. Før var det berre lokalkjente folk som kunne dette namnet, og namnet gjekk då berre i såkalla munnleg arv.

Slike endringar pga. ein galen skrivemåte kan skje, og her går i så fall feilen tilbake på det gamle sjøkartet - laga i 1879 - som var det journalistar og andre hadde tilgang til i 1938. Dessverre er feilen blitt vidareført på nyare kart, òg på eitt som blei laga tidleg på 1990-talet og før den nye namnekonulenttenesta hadde fått innarbeidd dei gode kontrollrutinane som ho har i dag. Me kan nok rekne med at dette namnet blir retta opp i neste utgåve.

Helge Sandøy



C M Y

